

MODALEN KOMMUNE  
Postboks 44  
5732 MODALEN

---

Dato	16.08.2023
Vår referanse	2023/68332-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Anne Koch Grønlien
E-post	Anne.Koch.Gronlien@vlfk.no
Telefon	988 70 991

# Invitasjon til nettverkssamling for ungdomsråd 21. – 22. oktober

**21.-22. oktober** vert det arrangert nettverkssamling for ungdomsråd og ungdommens kommunestyre i Vestland ved **Scandic hotel Flesland**. I den anledning har Vestland ungdomsutval gleda av å kunne invitere **2 personar** frå dykkar ungdomsråd til å delta.

Samlinga gjev ei unik moglegheit for erfaringsutveksling og utvikling av samarbeid mellom ungdomsråda og Vestland fylkesutval. Det vil bli ei kjekk helg med spennande program og nye venskap, med fokus framover etter lang tid utan moglegheit for å møtast fysisk.

Eigenandelen er 1600 kr per deltakar. Dette dekker alt unntatt reise til og frå. Det er lagt opp til to- og tremannsrom, og vi treng beskjed innan påmeldingsfristen dersom det er uaktuelt å dele rom med nokon frå andre kommunar. Ved ønskje om einerom må kommunen dekke meirkostnaden.

Fristen for påmelding er 1. oktober, og må gjerast gjennom denne linken:  
<https://www.vestlandfylke.no/kalender/2023/nettverkssamling-for-vestland-ungdomsutval/>

Dersom du ønskjer å kome med innspel til programmet kan det sendast til Inger Christin Hystad Barane, [inger.christin.hystad.barane@vlfk.no](mailto:inger.christin.hystad.barane@vlfk.no). For praktisk informasjon, ta kontakt med Anne Koch Grønlien, [Anne.Koch.Gronlien@vlfk.no](mailto:Anne.Koch.Gronlien@vlfk.no).

Program vert sendt på e-post til påmeldte representantar ca. 2 veker før arrangementet.

Vestland ungdomsutval ser fram imot å sjå de på nettverkssamlinga.

Inger Christin Hystad Barane  
leiar

Anne Koch Grønlien  
Koordinator